

REPRESENTANTSKAPSMØTE 2026 SUNNMØRE FRILUFTSRÅD (KO)

Representantskapsmøte vart halde i **Hareid kommune** kl. 18.00. Møtestad: Ishavsmuseet Aarvak, Brandalsvegen 28, 6062 Brandal

Saksliste:

- SFR 1/26: Godkjenning av innkalling og saksliste. Registrering oppmøte Representantskapsmøteutsendingar.
- SFR 2/26: Val av ordstyrar og sekretær, og to til å skrive under protokollen
- SFR 3/26: Årsrapport og årsberetning 2025
- SFR 4/26: Årsrekneskap 2025
Uavhengig revisor MR Revisjon SA beretning 2025
- SFR 5/26: Medlemskontingent for 2027
- SFR 6/26: Andre innkomne saker
- SFR 7/26: Handlingsplan 2025-2028 med arbeidsplan for 2026
- SFR 8/26: Årsbudsjett 2026
- SFR 9/26: Val – valnemnda si innstilling
- SFR 10/26: Val av valnemnd

Saksliste og alle vedlegg ligg på friluftsradet.no/Om_oss/Styret_og_representantskapet

Desse møtte på representantskapsmøtet

Kvar deltakarkommune har valt to representantar med vara for kommunevalperioden. Desse møtte:

Fjord: Elin Tafjord Skoge
Giske: Kåre Sæther
Haram: Siv Kathrin Ulla
Hareid: Bernt Brandal
Herøy: Ann-Kathrin Tine Storøy
Sande: Dag Vaagen og Camilla Auflem Vik
Stranda: Øystein Strand og Antonia Kolodziejczyk
Sykkylven: Bjørn Inge Drabløs og Anne Kari Aamodt
Sula: Forfall (utsending eller vara hadde ikkje høve til å møte)
Ulstein: Stian Skorgen Skeide og Oddvar Gjerde
Vanylven: Elisabet Lauvstad Haugen
Vestnes: Nils Aimar Brastad
Volda: Sølvi Dimmen
Ørsta: Siri Dahl Masdal og Karen Høydal
Ålesund: Forfall (utsending eller vara hadde ikkje høve til å møte)

Frå styret møtte:

Ulstein: Berit Sandvik Skeide, Stranda: Tomas Roset, Giske: Jan Ove Skodje, Sula: Nils Erik Bjørkavåg
Ålesund: Ole Grebstad, Ålesund: Thea Elise Vestre Aasen, Hareid: Bernhard Harkjerr, Vanylven: John Willy Klungre

SFR sak 1/26: Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksframlegg:

Representantskapet er sendt innkallinga på e-post 27. januar 2026 til representantane.

Vedlegga til saklista ligg ved i digital lenke: [friluftsradet.no/Om oss/Styret og representantskapet](https://friluftsradet.no/Om_oss/Styret_og_representantskapet)

Samrøystes vedtak:

Representantskapsmøtet godkjenner innkallinga og saklista for representantskapsmøtet 2026.

SFR sak 2/26: Val av ordstyrar og sekretær, og to personar til å skrive under møteboka

Samrøystes vedtak:

1. Representantskapsmøtet vel Eva Hove som ordstyrar og Hans E. Pilskog som sekretær
2. Representantskapsmøtet vel Sølvi Dimmen (Volda) og Bernt Brandal (Hareid) til å skrive under møteboka.

SFR sak 3/26: Årsrapport og årsberetning 2025

Saksframlegg:

Jf. samarbeidsavtalen § 5 pkt. 4 skal årsrapporten gjere greie for gjennomføringa av fjorårets arbeidsplan og oppfylle krava til rapportering frå deltakarkommunane. Årsrapporten er ei oppsummering som speglar aktiviteten i Sunnmøre friluftsråd i 2025. Årsrapporten gir eit godt bilete av kor breitt friluftsrådet jobbar med både fleire store aktivitetsprosjekt, arbeid mot marin forsøpling, skjergardsteneste og drift av friluftsområde.

Friluftsrådet skal også ha Årsberetning som fyller krava i kommunelova for kommunale oppgåvefellesskap.

Vedlegg: Årsrapport og årsberetning Sunnmøre friluftsråd 2025 (vert også utdelt i møtet)

Samrøystes vedtak:

Representantskapsmøtet godkjenner årsrapport Sunnmøre friluftsråd for 2025.

Representantskapsmøtet godkjenner beretning for 2025.

SFR sak 4/26: Årsrekneskap

Saksframlegg:

Tala i saka er runda av til næraste desimal. **Årsoppgjøret** har ein omsetnad i 2025 på 19,34 mill. kr. (2024: 17,68 mill. kr. 2023: 18,15 mill. 2022: 15,7 mill. 2021: 13,9 mill.).

Årsresultatet i 2025 er på 0,59 mill kr. (2024: 0,67 mill. kr, 2023: 0,14 mill., 2022: 1,1 mill., 2021: - 0,8 mill.)

Kontingent frå kommunane i 2025 på 3,45 mill. kr. (2024: 3,27 mill. kr, 2023: 3,2 mill., 2022: 3,1 mill. 2021: 2,9 mill.) og utgjer framleis om lag 18 prosent av inntektene.

Øvrige inntekter er i all hovudsak prosjekt-, administrasjons- og driftsmidlar frå Friluftsrådenes Landsforbund (FL), Miljødirektoratet, Handelens Miljøfond/Rydd Norge, Møre og Romsdal fylkeskommune (MRFK), Sparebanken Møre, Gjensidigestiftelsen, og sponsor- og salsinntekter frå lokalt næringsliv. Det er særleg arbeid mot marin forsøpling og drift av skjergårdstenesta som fekk tilskot, men også aktivitetsprosjektet «Slå på ringen», «StikkUT!» og andre aktivitetstiltak og tilretteleggingstiltak fekk støtte. T.o. Skjærgårdstjenesten Møre og Romsdal

Lønnsutgiftene er største utgiftsposten. I 2025 er samla lønsutgifter på om lag 9,5 mill kr. (2024: 8,7 mill. kr, 2023: 8,4 mill., 2022: 7,4 mill., 2021: 7,1 mill.) Dette er 0,8 mill. høgare enn i 2024, ei auke på 9,2 %

Varekostnader er 3,6 mill. kr i 2025 (2024: 3,3 mill. kr, 2023: 4,1 mill., 2022: 2,8 mill., 2021: 3,2 mill.). Dette er ein auke på 0,3 mill. frå året før

Andre driftskostnader er 5,8 mill. kr i 2025. (2024: 5,1 mill. kr, 2023: 5,1 mill., 2022: 4,2 mill, 2021: 4,1 mill.).

Med friluftslivets år 2025 hadde Sunnmøre friluftsråd auka aktivitet og omsetning. Friluftslivets år hadde mange markeringar og særst mykje aktivitet, spesielt knytt til frivilligheita. Auka aktivitet er dekt inn av auka eksterne bidrag.

Sjå også årsrapport 2025 for oversikt økonomi. Skjærgårdstjenesten Møre og Romsdal fører også eige rekneskap og budsjett.

Vedlegg:

- Årsrekneskap 2025 med noter og årsrekneskap 2025 kontospesifisert (sjå digital lenke til vedlegg)
- Revisjonsmelding frå Møre og Romsdal Revisjon SA 2025 (vert lagt ut når denne er klar)

Samrøystes vedtak:

Representantskapsmøtet godkjenner rekneskapen for 2025.

SFR sak 5/26: Medlemskontingent for 2027

Saksframlegg:

Samarbeidsavtalen §5 seier at representantskapsmøtet «skal fastsette neste års medlemskontingent. Ein auke utover 2% frå året før krev 2/3 fleirtal på representantskapsmøtet».

I 2017 vart medlemskontingenten 18 kr. Frå 2020 til 2025 er medlemskontingenten auka frå 19,09 kr til 21,63 kr per innbyggjar. Styret innstiller på at medlemskontingenten for 2027 ikkje skal aukast. Styret vil vere lydhør for innspel frå medlemskommunane.

Vedtak:

Medlemskontingenten for Sunnmøre friluftsråd (KO) for 2027 vert sett til 21,63 kr per innbyggjar.

SFR sak 6/26: Andre innkomne saker til representantskapet

Det kom ikkje inn saker til handsaming under sak 6.

SFR sak 7/26: Handlingsplan 2025-2028 med arbeidsplan for 2026

Saksframlegg:

Vedlagte dokument kombinerer ein treårig handlingsplan for perioden 2025-28 med arbeidsplan/prioriterte prosjekt for 2026. Dette heng saman med kva prosjekt friluftsrådet har fått støtte til i år. Handlingsplanen bygger på formålet til friluftsrådet som står i samarbeidsavtalen § 3, og berekraftsmåla.

Årsmeldinga rapporterer på gjennomføring av handlings- og arbeidsplanen, og har same kapittelinndeling.

Vedlegg:

- Handlingsplan for Sunnmøre friluftsråd 2025-28 med prioriterte prosjekt for 2026

Samrøystes vedtak:

Representantskapsmøtet godkjenner Handlingsplan for Sunnmøre friluftsråd (KO) 2025-28 og arbeidsplan for 2026.

SFR sak 8/26: Årsbudsjett 2026

Saksframlegg:

Framlegget til budsjett 2026 viser forventa samla **driftsinntekt på 19 961 000 kr**. Oppsummert er det forventa eit samla aktivitetsnivå og **driftsresultat som går i balanse** i 2026.

Det er mottekne og omsøkte tildelingar og tilskot som er lagt til grunn for budsjettet 2026. Spesielt for avd. 30 Aktivitet er ikkje alle tildelingane klare, her er beløpa i prosjektsøknadane lagt til grunn. Av erfaring vert tildelingane noko lågare enn søknadane. Budsjettet vert revidert i august 2026 om behov.

Fordeling av forventa inntekter og utgifter etter avdeling:

Prosjektliste 2026 Sunnmøre friluftsråd

Innvilga og omsøkte prosjekt. Det er forventa at inntektene blir noko mindre enn omsøkt.

Avdeling – Sunnmøre friluftsråd	Inntekter 2026
Avd. 10 Administrasjon	4 420 000
Avd. 20 Drift sum	1 190 000
Avd. 30 Aktivitet sum	4 580 000
Avd. 40 Skjergardstenesta M&R	6 000 000
Avd. 50 Marin forsøpling	3 600 000
SUM BUDSJETERTE INNTEKTER 2026	19 961 000

Budsjett 2026 sett opp etter kommunal rekneskapskikk:

Økonomisk oversikt	Oppr.budsjett 2026	Regnskap 2025	Budsjett 2025
Driftsinntekter			
6 Overføringer og tilskudd fra andre	18 511 000	17 320 767	18 683 000
8 Salgs- og leieinntekter	1 450 000	2 018 711	1 583 000
9 Sum driftsinntekter	19 961 000	19 339 478	20 266 000
Driftsutgifter			
10 Lønnsutgifter	7 150 000	7 401 697	7 550 000
11 Sosiale utgifter	1 847 500	2 055 297	1 847 500
12 Kjøp av varer og tjenester	9 230 000	8 322 146	9 230 000
13 Overføringer og tilskudd til andre	980 000	1 114 300	980 000
14 Avskrivninger	380 400	380 400	380 400
15 Sum driftsutgifter	19 587 900	19 273 840	19 987 900
16 Brutto driftsresultat	373 100	66 638	278 100
Finansinntekter		151203	
17 Renteinntekter	50 000	- 1 115	200 000
20 Renteutgifter			
21 Avdrag på lån		-	
22 Netto finansutgifter	50 000	150 088	200 000
23 Motpost avskrivninger	380 400	380 000	380 400
24 Netto driftsresultat	803 500	597 126	858 500
Disp. eller dekning av netto driftsresultat:			
25 Overføring til investering	15 000	15 000	15 000
26 Avsetninger til bundne driftsfond		-	
27 Bruk av bundne driftsfond		-	
28 Avsetninger til disposisjonsfond	788 500	582 126	843 500
29 Bruk av disposisjonsfond		-	
30 Dekning av tidligere års merforbruk		-	
31 Sum disp eller dekning av netto driftsresultat	803 500	597 126	858 500
32 Fremført til inndeckning i senere år (merforbruk)	-	-	-

Vedlegg: Årsbudsjett for 2026 (sjå digital lenke til vedlegg).

Samrøystes vedtak:

1. Representantskapsmøtet godkjenner årsbudsjettet for 2026.

2. Representantskapsmøtet gir styret fullmakt til å gjere nødvendige endringar etter kvart som inntektssida blir avklart.

SFR sak 9/26: Val

Saksframlegg:

Val til styret er omtalt i Samarbeidsavtalen § 5, punkt 12 a. Kvar deltakarkommune har 1 styremedlem med personleg vararepresentant pr. 20.000 innbyggjarar. Medlemmane i styret har ei funksjonstid på to år. Så langt råd skal halvparten av styremedlemmane med vara vere på val kvart år. Det er deltakarkommunane som vel sine styremedlemmar med personleg vara i forkant av representantskapsmøtet, desse er oversendt valnemnda (sjå digital lenke til vedlegg) For å oppfylle kjønnsrepresentasjonen (40%), må styret (17 medlemmar) ha minimum 7 kvinner/menn.

Innmeldte styremedlemmar som kommunestyra har valt for perioden 2026 – april 2028:

Kommune	Styremedlemmar (innstilte)	Vararepresentantar (innstilte)
Fjord	Helga Øvrebust (ny)	Andreas Håvoll (ny)
Giske	Jan Ove Skodje (attval)	Louise Haahjem
Haram	Niklas Hurlen (ny)	Randi Valderhaug (ny)
Hareid	Bernhard Harkjerr (ny som fast)	Annika Brandal
Sande	Sindre Slettestøl (attval)	Marthe Longva Stradbakken
Sykkylven	Sveinung Vemøy (attval)	Eva Eline Tandstad (attval)
Ulstein	Berit Sandvik Skeide	Stig Ole Borgundvåg
Ørsta	Anne Sølvi Vatne (ny)	Guttorm Hagen
Volda	Rebecca Riise Bjerknes (ny)	Stig Helland (ny)
Ålesund	Thea Elise Vestre Aasen (attval)	Thor Erik Aag (attval)
Ålesund	Ole Grebstad (attval)	Unni Kristin Vik (attval)
Kommune	Styremedlemmar (ikkje på val)	Vararepr. (ikkje på val)
Herøy	Janne-Katrin Hansen Sævik	Torbjørn Anton Hide
Stranda	Thomas Roset	Gunhild Kvam
Sula	Nils Erik Bjørkavåg	Åse Petrin Vegsund
Vanylven	John Willy Klungre	Njål Siverstøl
Vestnes	Ragnhild Tandstad	Arve Øverås
Tilsettrepr.	Hilde Ellingsæter	Christer Lundberg Nes

Oversikt faste styremedlemmar som går ut av styret etter representantskapsmøtet:

Eva Hove (Fjord), Guttorm Andreas Kjerstad (Haram), Bente Iren Flåvik Bjørndal (Ørsta), Annlaug Stokke (Volda)

Val av styreleiar, nestleiar og revisor

Valnemnda skal innstille på styreleiar og nestleiar til representantskapsmøtet. Desse vert valde for eitt år. Valnemnda legg fram innstillinga under møtet (sjå digital lenke til vedlegg)

Styreleiar (2026-28): Berit Sandvik Skeide frå Ulstein.

Nestleiar (2026-28): John Willy Klungre frå Vanylven.

Valnemnda skal innstille på revisor til representantskapsmøtet. Denne vert vald for eitt år.
Valnemnda legg fram innstillinga under møtet:
Revisor fram til representantskap 2027

Samrøystes vedtak:

- 1. Representantskapsmøtet tek til vitande nye styremedlemmar med vara for perioden 2026-2028 som kommunane har meldt inn.**
- 2. Representantskapsmøtet vel Berit Sandvik Skeide frå Ulstein som styreleiar og John Willy Klungre frå Vanylven som nestleiar fram til representantskapsmøtet 2027 ved akklamasjon.**
- 3. Representantskapsmøtet vel Møre og Romsdal Revisjon SA som revisor fram til rep.skapet 2027.**

SFR sak 10/26: Val av valnemnd

Saksframlegg:

Valnemnda skal bestå av tre medlemmar og ein vara, og at desse skal ha ulik funksjonstid over tre år (vara eitt år) for å sikre kontinuitet. Oversikt over sitjande valnemnd:

Leiar: Bernhard Harkjerr 2024-2027 (Hareid)
Medlem: Karen Høydal 2025-2028 (Ørsta)
Medlem: Jon Kåre Osdal 2025-2028 (Vestnes)

Vara til valnemnda: Hanne Roaldsnes 2026-2029 (Giske)

Det er styret som innstiller på representantar i valnemnda. Bernhard Harkjerr går inn på fast i styret. Styret innstiller på at Hanne Roaldsnes går frå vara og inn i valnemnda. Arild Holmeide som vara.

Representantskapsmøtet vel einstemmig følgjande valnemnd med tre-årig rotasjon for faste medlemmar:

Leiar: Karen N. Høydal 2025-2028 (Ørsta)
Nestleiar: Jon Kåre Osdal 2025-2028 (Vestnes)
Medlem: Hanne Roaldsnes 2026-2029 (Giske)
Vara (eitt år): Arild Holmeide 2026 (Ålesund)

Avslutning av representantskapsmøtet 2026

Representantskapsmøtet vert avslutta av avtroppande styreleiar Eva Hove, som takkar representantskapet for godt frammøte og Hareid kommune for svært godt vertskap. Ho takkar også av dei styremedlemmene som går ut av styret. Styreleiaren peikar på at det har vore eit lærerikt, givande og meningsfullt arbeid å få vere del av styret, og løftar fram kor viktig friluftsliv er for oss alle i denne regionen.

Påtroppande styreleiar Berit Sandvik Skeide takkar av avtroppande styreleiar for svært godt arbeid over tid, og markerer takksemnda frå kommunane med eit bilete frå Hareid og blomster.